



Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia Innspel frå Høgskulen på Vestlandet

Vi viser til høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet og takkar for invitasjonen til å gi innspel til handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia. Høgskulen på Vestlandet stiller seg svært positiv til at det blir laga ein handlingsplan for norsk fagspråk med ei brei tilnærming som involverer fleire departement.

Det er allereie teikna eit godt bilete av utfordringane for norsk fagspråk i akademia i dag. I høyringsnotatet blir det også peika på fleire viktige problemstillingar som vi kjenner oss att i. Norsk fagspråk er under press og det trengst ei tydeleg satsing. I vårt høyringssvar vil vi difor konsentrere oss om å komme med innspel på tiltak for korleis norsk fagspråk kan styrkast i utdanning, forskning og formidling.

Hovudpoenget er at vi må få plass gode insentiv, støtteordningar og strukturar som aukar vitskapleg formidling på norsk.

Vi føreslår følgjande tiltak:

- Utvikling av norsk fagterminologi, til dømes arbeid i termgrupper, må bli meritterande. Ei slik ordning vil stimulere til at fleire engasjerer seg i utviklinga av norsk fagspråk.
- Læremiddel- og lærebokordninga må styrkast og vidareutviklast. Vi må ha gode insentivmidlar for skriving av lærebøker på norsk, gjerne med ekstra prioritering for læremiddel på nynorsk.
- Handlingsplanen må ha særskilt merksemd på utvikling av nynorsk fagspråk.
- Støtteordninga for norskspråklege tidsskrift bør styrkast.
- Forskingsprogram og forskingsfeltet for norsk fagspråk må få ein tydelegare plass, styrkast og vidareutviklast.
- Noreg har mange sterke fagmiljø på språk. Ein bør ta mål av seg å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for norsk fagspråk.

Ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia må også kvile på erkjenninga av at vesentlege språklege aktivitetar i vår tid er innramma av digital teknologi. Dette fordrar eit særskilt medvit og særskilde tiltak knytt til utforming av og krav til digital programvare og plattformer. Under dette må det gjerast særskilde tiltak for at nynorsk som fagspråk som eit minimum har rimelege utviklingsvilkår i den digitale tidsalderen.

Gunnar Yttri
Rektor ved Høgskulen på Vestlandet

